

Innkalling

Studieprogramråd for barnevern

Møtedato: 28.01.20

kl. 13.00-15.00

Sted: Zoom (digitalt møte)

Deltakere:

Marita Brekke Skjelvan, fagseksjonsleiar/ Studieprogramansvarleg
Hege Sundt, faglig representant
Tone Jørgensen, faglig representant
Mahsa Dowlat, studentrepresentant, 2.klasse
Joachim Selvik Drif, studentrepresentant, 3.klasse
Ove Mjåtveit, Einingsleiar Sunnfjord barnevern, eksternt medlem
Ann-Iren Høgalmen, HIVO, eksternt medlem, fagfellerepresentant
Ingrid Faaberg, referent
Ingunn Barmen Tysnes, sak 3
Cecilie Thaule Løvlid, sak 3

Forfall:

Berit Marie Njøs, faglig representant
Siv Berit Molland, studentrepresentant, 1.klasse
Sandrina Sandell, Løvetannakademiet, eksternt medlem, brukarrepresentant

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/21 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	2 min
Referat: Godkjent utan merknad.				
2/21 Status kvalitetsarbeid		Gjennomgang av evaluering	Fagseksjonsleder	10 min
Referat: Dette er fast sak på alle studieprogramrådmøta. Barnevernsutdanninga evaluerer alle emne, samt har midtvegsevaluering med anonym undersøking i forkant av klassemøtet. Deretter er det dialogmøte med dei fagtilsette, og det vert laga emnerapport i slutten av emne. Evalueringane fungerer greitt og vert gjort slik som det skal. Evalueringar så langt har synt: <ul style="list-style-type: none">1. klasse: dei er det fyste kullet på ny studieplan og har gjennomført 3 nye emne hausten 2020. Dei har hatt mykje digital undervisning, men også noko fysisk. Det er noko frustrasjon rundt digital undervisning, men også gode tilbakemeldingar på fagleg innhald og opplegg. Basisgruppearbeid er positivt – 5 studentar på kvar gruppe med tett oppfølging frå lærar. Bra for læring og sosialt miljø.				

- 2. klasse: dei er siste kullet på utgåande studieplan, så det er siste gong emna vert gjennomført på denne måten. Har hatt evalueringssmøte, og tek med erfaringane derfrå i vidare arbeid. Både digital og fysisk undervisning. Digital ferdighetstrening på slutten av semesteret, fått gode tilbakemeldingar på dette.
- 3. klasse: hadde aktivitetsfag på starten av studieåret på campus, frå oktober tverrfagleg prosjektpraksis og mykje digital undervisning. Gode tilbakemeldingar, men det kan opplevast vanskeleg med den digitale undervisninga.

Etter gjennomgang kom det spørsmål om kva det er som opplevast som vanskeleg med den digitale undervisninga, kva vi kan forbetre?

Studentane kom med følgjande tilbakemeldingar: Når ein har “breakoutrooms” så prøver dei no å faste grupper for å sleppe problematikk med at ein ikkje kjenner kvarandre (1. og 2. klasse). Og ein unngår også at studentane bruker gruppene (og tiden) til meir uformell prat sidan ein har så lite sosialt elles. Studentane har og sett i gong digitalkafè der ein kan møtast og vere sosiale. Det opplevast som lettare å hoppe av undervisning når den er digital, og mange vegrar seg for å prate og bruke kamera på undervisning.

På spørsmål om korleis læringsutbyttet er med digital undervisning svarar studentane at det går greitt, men det krev meir å følgje med og konsentrere seg når ein sit heime. Det som har fungert godt er videoundervisning, og så diskutere i klasse seinare. Det er positivt å kunne gå fram og tilbake i forelesinga, slik at ein kan sikre seg at ein får med seg alt. Men då er det viktig med gjennomgang etterpå slik at ein får reflektert og diskutert. I tillegg sikrar dette at studentane ser videoane.

Innspel frå praksisfeltet er at det må gå utover læringsbetingelsane, fysisk oppmøte og dialog er vanskeleg å erstatte. Dermed må det også gå utover kvaliteten, men me må gjere det beste ut av det. Kan ein ha fleire grupper – større grupper slik at ein får ein klassetilhøyrgheit? Kanskje høgskular burde ha opna opp for større grupper, slik som enkelte tenestetilbydarar må gjere.

Student fortel at ho har opplevd at det er lite kamerabruk i digitale forelesingar, og det er vanskeleg å få aktivitet i studentgruppa. Mange som klagar på digital undervisning, men ikkje mange som har møtt opp på det som har vore fysisk. No er dei i praksis, så det er lite aktuelt for dei resten av semesteret. Støttar at faste breakoutroomgrupper kan vere positivt for studentane.

Emneansvarleg for emne kommunalt barnevern fortel at dei har gjennomført undervisning for 96 studentar digitalt. Dei har gjennomført oppgåveseminar der nokon studentar var med fysisk og nokon digitalt, det vart vanskeleg å kombinere. Dei har også gjennomført digitalt fylkesnemndseminar der dei hadde faste grupper på breakoutrooms som dei jobba i, hadde rollespel der studentane kom med argumentert i etterkant. Aldri fått så mykje positiv respons i emne. Det har vore utfordrande å undervise til svare skjermar. Det var gode resultat på eksamen.

3/21 Master i sosialvitenskap	Vedlegg:	Orientering om arbeid med master i sosialvitenskap	Ingunn Barmen Tysnes og Cecilie Thaulé Løvlid	45min
--------------------------------------	----------	--	---	-------

	 <p>[360.629513]Utredningssøknad Master i</p>  <p>Høringsbrev Master i sosialvitenskap hørin</p>  <p>Utkast til emnebeskrivelse del</p>  <p>Utkast til emnebeskrivelse sos</p>			
--	--	--	--	--

Referat:

Studieprogramrådet er høringsinstans for utvikling av master i sosialvitenskap.

Ingunn Barmen Tysnes orientere om arbeidet i studieplankomiteen for masteren.

Dette skal bli ein master med tre ulike fordjupingar; samfunnsarbeid, miljøterapeutisk arbeid og barnevernsarbeid. Dei held på med arbeidet om innpass for master i barnevernsarbeid. Planen er at felles emne i masteren skal gjennomførast fyst og deretter fordjupingsemne, samt mamet (fellesemne for masterprogram hjå HVL)

Spørsmål frå SPR om korleis er det tenkt i praksis med innpassing, skal innpassing erstatte emne? Det er mogleg for innpass i valemne i 2. og 3. semester. Master skal gå både heiltid og deltid. Kvart fordjupingsemne består av 30 sp. Masteroppgåva er 45sp (fastsatt størrelse på HVL). Ikkje all detaljar er avklara endå, dette er eit pågåande arbeid.

Innspel frå SPR:

Læringsutbytta er gjort enkle og direkte, positivt at det er få og korte læringsutbytte. Det vert tydeleg og lett å forstå kva som er forventa læringsutbytte.

Fellesemne: er det mogeleg å ha fellesemne om korleis skape endring, kva har erfaringar synt? Læringsmål: respekt for at det er fleire vegar til målet – Kva skapar endring er det ivaretatt, eller kjem det i seinare emne? Endring er ikkje eit veldig tydeleg tema som er med enda, men dei tek med innspelet. Erfaring frå barnevernstenesta – foreldre må skape endring, stort og vanskeleg tema, og heilt naudsynt at studentane får kunnskap om.

Når ein skal skape profil og fellesemne, må det ha god relevans inn mot alle fagretningane. Må velje kva ein skal ta med og ikkje ta med. Noko må inn, og mykje må veljast vekk.

Sosial ulikhet og marginalisering:

Begge tema for emne er relevante, og det opplevast som at det er potensiale for alle fordjupingane. Saknar litt bakgrunn for studiet, og dermed ei tydeleg grunngeving for profilen for master. Sosial ulikskap og marginalisering opplevast som at det er på eit abstrakt nivå, kva måte skal det ha ein funksjon og rolle i masteren? Kunne tenkt seg at det var tydlegare profesjon og praksisorientering, og at det opplevast som relevant for praksisutøvinga for helse og sosialtenesta. Tydeleggjere det i emne, og i læringsutbytta. Det bør også jobbast meir med det språklege. Kva ord ein skal bruke for marginalisering kan vere viktig. Avvik som tidlegare har vore nytta opplevast som eit dårleg omgrep no, men brukargruppene ein arbeidar med høyrer til eit mindretal, og det er viktig å ha med normalitetforståing i samfunnet. Anna medlem er noko ueinig i dette, opplev at emna er gode. Men saknar folkehelsearbeid som omgrep. Dette er ein del av ein anna master og er kanskje haldt ute slik at masterane ikkje konkurrerer med kvarandre. Normalitet – viktig for alle brukargrupper profesjonane jobbar med. Kan det få eiga del i masteren? Studieplankomiteen skal jobbe vidare med dette.

Vurderingsform: Dagsaktuelt tema 3000 ord oppgåve. Spannande måte å gi oppgåve på. Viktig med trening på å skrive oppgåver. Dette er alltid ei vurdering opp mot ressursbruk og arbeidsbelastning.

Studentane opplev at det er lett å forstå kva emne skal innehalde. Vanskeleg å velje master utan arbeidserfaring. Kunne gjerne tenke seg at det kom meir fram korleis ein fekk nytte av ein master vidare i arbeidslivet?

Passe på at læringsutbytta blir passe store og at det dekkjer det viktigaste tema i master.

Deltaking og medborgarskap:

Emne inneheld relevant tematikk for aktuelle brukargrupper. Saknar tydeleggjeringa med praksisorientering, dersom ein tek sikte på at kandidatane skal ut i eit praktisk arbeid etter gjennomført mastergrad. Når det gjeld bruk av ulike omgrep er det interessant kva som er dei profesjonelle forståingane av omgrepet

deltaking/medverknad. Vi må syte for at det vert reflektert over kva som ligg i omgrepa, og kva betydning har for det praktiske arbeidet. Det har stor betydning for korleis du møter brukarar og korleis du arbeider med dette. Det er bra det er ein del av masteremna. Viktig å vere bevisst på omgrep og ordbruk.

Når det kjem til barnevernsstudentar så er det uklart for dei kvifor dei skal velje denne masteren i staden for master i barnevern? Studieplangruppa ventar på avklaring av nasjonale retningslinjer kring dette. Denne masteren vil vere open for fleire grupper enn for barnevern, noko som vil gi masteren eit anna innhald.

Prosess:/vegen vidare: Kva status har dette møtet – er dette møtet høyringa? Fleire frå utdanninga som ville ha meint meir om dette, kan det diskuterast på utdanningsmøte til dømes? Det er lagt opp til involvering av andre tilsette i veke 12. Då skal det vere dagsworkshops med tilsette i IVD. Studieprogramråda i dei ulike utdanningane som er referansegruppe for studieplankomiteen, dette er avgjort tidlegare i prosessen. Kor blir det av høyringssvaret frå studieprogramråd, vanlegvis får vi moglegheit til å skrive eit høyringssvar dersom det er høyring. Det er ope for at studieprogramrådet skriv sitt eige høyringssvar i tillegg til det som kjem fram i dette møtet.

Ny høyring hjå studieprogramråd i juni.

Søknad skal leverast i september.

Dersom alle fagseksjonar skal få kome med høyringssvar må instituttleiar avgjere dette.

4/21 Årlig sak om praksis	Vedlegg:	Orientering	Fagseksjonsleiar	15 min
Avtaler				
Oppfølging og vurdering				
Evaluering og tilbakemeldinger fra praksisfeltet				
Referat:				

HVL har inngått samarbeidsavtalar med kommunar og jobbar framleis med desse, men covid-19 har kravd mykje arbeid dei siste semestera. Det er sendt ut avtalar til alle kommunar, der dei ber om samarbeid om praksisplassar. Kvar utdanning skal etter kvart ha møte med instansane for å ha oppfølgingsmøte. Tanken er at når avtalane kjem i gang, så får ein tidleg får avklara om ein får praksisplassar. Målet er å få meir system og gjere arbeid med praksis meir forutsigbart.

45 barnevernsstudentar er i praksis no. Praksisperioden starta 11. januar, nokre studentar fekk utsett oppstart med ei veke på grunn av covid-19. Nokre har opphald denne veka på grunn av restriksjonar. Det var tett arbeid saman med praksisadministrasjonen for å skaffe nok plassar til denne praksisperioden, og dette arbeidet førte til nok plassar. Student i 2.klasse er i praksis no, og fortel at studentane var nervøse for at det skulle bli nok plassar. Dei er glade for å vere i praksis. For hennar del går det fint, blir påverka av covid-19 ved at dei må ved visse høve bruke munnbind, og det er mykje teams-møter. Nokre studentar har heimekontor i praksis. Det er ulikt korleis studentane vert råka av covid-19 restriksjonar. Det vart gjennomført digitalt førpraksisseminar for både studentar og rettleiarane. 70 rettleiarar deltok på seminar, og det var gode tilbakemeldingar på gjennomføringa av dette.

Oppfølging, evaluering og vurdering tek vi på neste møte.

5/21 Orienteringssaker	Vedlegg:			10 min
-------------------------------	----------	--	--	--------

Referat:
Ingen saker.

6/21 Eventuelt				5 min
-----------------------	--	--	--	-------

Referat:
Ingen saker.
